

Oversikt over fráværsgreglar

Ulike typar frávær

X-frávær: Dette er frávær som det ikkje er levert grunngeving for. Faglærer fører alltid X-frávær, mens kontaktlærer endrar i etterkant ved levert dokumentasjon.

M-frávær: Dette er frávær som skal teljast med når det gjeld 10 %-regelen, t.d. ubegrunna frávær, noko av trafikkopplæringa, udokumentert sjukdom og forsoving.

D-frávær: Dette er frávær som ikkje skal teljast med når det gjeld 10 %-regelen, og som ikkje vert dekka av R- eller §-frávær; t.d. dokumentert kortvarig sjukdom, time hos lege, tannlege og noko av trafikkopplæringa.

R-frávær: Dette vert ikkje rekna som frávær. Det vert ført R-frávær om elevar er borte ved t.d. elevråd, time hos helsesøster/rådgjevar/PPT, på førehand avtalt studiearbeid/studiedag, skoletur, eksamens- og lesedagar.

§-frávær: Inntil 10 dagar i eitt skoleår og kun heildagsfrávær. Dette vert ikkje rekna med på vitnemålet; sjå forskrift til Friskolelova § 3-46. T.d. frávær pga dokumentert langvarig (frå og med 4. dag) eller kronisk sjukdom, gravferd, politisk arbeid, hjelpearbeid, sesjon og deltaking i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Elevar må søka om fråtrekk av frávær på vitnemålet/kompetansebeviset. Søknad skjer elektronisk i VISMA InSchool.

10 %-regelen

Denne regelen (frå 2016) betyr at ein elev ikkje får halvårs- eller standpunktvrdering i fag om han/ho har over 10 % frávær i faget. Sjølv om ein elev har passert grensa, skal undervisninga, vurderingar og evt. eksamen elles gå som normalt for eleven. Rektor har moglegheit til å bestemme at elevar med vanskeleg livssituasjon eller andre særlege utfordringar, kan få halvårs- eller standpunktvrdering sjølv om eleven har mellom 10 og 15 % frávær. Det er kun U-frávær og A-frávær som vert rekna med når ein tel opp til 10 %.

Dokumentasjon

Sjukdom

For at sjukdom skal kunne førast som §-frávær, må det dokumenterast med legerklæring. Skal det vere D-frávær, kan det i staden dokumenterast frå andre sakkunnige som t.d. psykolog, tannlege, fysioterapeut, helsesøster. Dette gjeld og legetimar, tannlegetimar, osv.

Kronisk eller langvarig sjukdom

Sjukdom kan vere av ein slik art at det er lite hensiktsmessig å oppsøke sakkunnig for kvart enkelt tilfelle, og i dei tilfella kan frávær dokumenterast med eigenmelding som byggjer på tidlegare levert dokumentasjon, som viser at kronisk sjukdom eller udiagnostisert sjukdom under utgreiing kan føre til frávær. Denne dokumentasjonen må godkjennast av rektor (t.d. migrene).

Anna

Fråvær av politiske grunnar som kan dokumenterast av ein politisk organisasjon og hjelpearbeid av ein hjelpeorganisasjon eller liknande. For velferdsgrunnar, som t.d. gravferd, kan normalt erklæring frå føresette eller myndige elevar verta nytta.

Varsel

Dersom ein elev passerer 5 % fråvær i eit fag, vil det bli sendt ut varselbrev til elev og føresett (om eleven er under 18 år) om at eleven står i fare for å ikkje få halvårs- eller standpunktkarakter i faget.

Grenser

Når ein elev har fleire timar fråvær enn 10 % fråvær-grensa i eit fag, vil han/ho ikkje få karakter i faget.

Talet på timar i faget	Halvårsvurdering		Standpunktvurdering (heile skoleåret)	
	Grense for varsel	10% fråvær	Grense for varsel	10% fråvær
2	2	3	4	7
3	3	5	6	11
4	4	7	8	15
5	5	9	10	18
6	6	11	12	22
7	7	13	14	26
8	8	15	15	30
9	9	16	17	33
10	10	18	19	37
11	11	20	21	41
12	12	22	23	44

Rundskriv og forskrift

Rundskriv Udir-3-2016:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/>

§3-3 og §3-46 i forskrift til friskolelova: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-07-14-932#KAPITTEL_5

Forskriftsendring trafikkopplæring og fråvær: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/enkelte-kjoretimer-bli-ikke-lenger-regnet-med-i-fravarsgrensen/id2661534/>